



Møteprotokoll

Utval:	Kinn kontrollutval
Møtestad:	Florø, Økland-bygget, møterom Skongenes
Dato:	27.04.2026
Tid:	kl 09:00 - 15:00

Fremmøtte	Parti
Yngve Moan	AP
Kjell Heggen	UAH
Marit Grønnevik Stave	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Bente Olseth	H	Dag Henrik Nygård	H
Tommy Thanke Olaussen	SP		

Andre som møtte

Ane Malene Søvik Nygård Dagleg leiar

Møtenotat:

Vestland Revisjon KO v/revisor Torill Monsen var tilstade i møte og orienterte i sak PS 23/26.

Kinn utdannings- og ressurscenter KF v/dagleg leiar Eva Melvær Langås deltok i sak PS 24/26

Bordgleder KF v/dagleg leiar Halvor Halvorsen deltok i sak PS 25/26.

Florø Hamn KF v/dagleg leiar Linda Mortensen deltok i sak PS 26/26.

Havhesten KF v/dagleg leiar Magny Kalvø Rogne deltok i sak PS 27/26.

Kinn kommune

- v/kommunedirektør Øyvind Bang Olsen ... deltok i sak PS 28/26 og PS 29/26.
- v/rekneskapssjef Norvall Bakke deltok i sak PS 25/26 og 28/26
- v/teknisk sjef Frode Ellingsund deltok i sak PS 30/26
- v/prosjektsjef Oddgeir Nygård deltok i sak PS 32/26.

Vestland revisjon KO v/oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Charles Litsheim deltok i sak 31/26.

Møte slutt: 14:27

Kjell Heggen
Leiar i kontrollutvalet

Ane Malene Søvik Nygård
Dagleg leiar

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS21/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS22/26	Referatsaker
RS11/26	Førespurnad om utsettning av frist - Rutinar for protokollføring i kommunale føretak
RS12/26	Melding om vedtak Forvaltningsrevisjon - forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, rapporten - Kinn kontrollutval
RS13/26	Høyring - Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen
RS14/26	Melding om vedtak Årsmelding 2025 - Kinn kontrollutval
RS15/26	Melding om vedtak Årsplan 2026 - Kinn kontrollutval
RS16/26	Florø Hamn KF - Mellombels revisjonsmelding
RS17/26	Havhesten KF - Mellombels revisjonsmelding
RS18/26	Kinn kommune - Mellombels revisjonsmelding
PS23/26	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2025
PS24/26	Kinn utdannings- og ressurscenter KF - årsrapport og rekneskap 2025
PS25/26	Bordgleder KF - årsrapport og rekneskap 2025
PS26/26	Florø hamn KF - årsrapport og rekneskap 2025
PS27/26	Havhesten KF - årsrapport og rekneskap 2025
PS28/26	Kommunerekneskap med årsmelding 2025 - kontrollutvalet sin uttale
PS29/26	Orienteringar
OS03/26	Svar frå kommunedirektøren: Rutinar ved bruk av kommunale bilar og kommunale kredittkort
OS04/26	Habilitetsspørsmål
PS30/26	Oppfølging av sak - bruk av fond/kjøp av eigedom
PS31/26	Forvaltningsrevisjon av internkontroll - godkjenning av prosjektplan
PS32/26	Orientering om oppfølging av forvaltningsrevisjon "Gjennomføring av investeringsprosjekt"
PS36/26	Kontrollutvalet si oppfølging av møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste
PS37/26	Saker til eventuell seinare handsaming
SH02/26	Uttale i kommunestyremøte 9. april
PS33/26	Gjennomgang av møteprotokollar
PS34/26	Vedtaksoppfølging
PS35/26	Godkjenning av protokoll

Stad, 29.04.2026

PS 21/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste inkl tre ekstra saker:

- OS 04/26 Habilitetsvurderingar
- PS 36/26 Kontrollutvalet si oppfølging av møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste
- PS 37/26 Saker til eventuell seinare handsaming - uttale i kommunestyremøte

Handsaming:

Utvalsleiar bad om at blir lagt til tre ekstra saker:

- orienteringssak om habilitet
- ekstra sak om oppfølging møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste
- eventueltsak om uttale i kommunemøte 9. april.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 22/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
11/26	Førespurnad om utsetjing av frist - Rutinar for protokollføring i kommunale føretak
12/26	Melding om vedtak Forvaltningsrevisjon - forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, rapporten - Kinn kontrollutval
13/26	Høyring - Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen
14/26	Melding om vedtak Årsmelding 2025 - Kinn kontrollutval
15/26	Melding om vedtak Årsplan 2026 - Kinn kontrollutval
16/26	Florø Hamn KF - Mellombels revisjonsmelding
17/26	Havhesten KF - Mellombels revisjonsmelding
18/26	Kinn kommune - Mellombels revisjonsmelding

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsaka til vitende.

Handsaming:

Utvalsleiar gjekk igjennom referatsakene, ingen kommentarar.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek referatsaka til vitende.

PS 23/26 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2025

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2025 til vitende.

Handsaming:

Vestland Revisjon KO v/revisor Torill Monsen orienterte om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2025. Presentasjon vert meldt opp som referatsak i neste møte.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2025 til vitende.

PS 24/26 Kinn utdannings- og ressurscenter KF - årsrapport og rekneskap 2025

Vedtak:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av dialog med revisor, er kontrollutvalet ikkje gjort kjent med forhold som tilseier at årsrekneskapen ikkje kan godkjennast, jf. kommunelova § 14-3.

Kontrollutvalet vil likevel peike på følgjande forhold:

- Årsberetninga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7, då det ikkje er gjort greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre høg etisk standard, og heller ikkje for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelt etter kjønn.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn utdannings- og ressurscenter KF.

Handsaming:

Kinn utdannings- og ressurscenter KF v/dagleg leiar Eva Melvær Langås orienterte om måloppnåing, økonomisk utvikling/status og vesentlege forhold som påverkar drifta. Selskapet opplever usikre rammefaktorar. Det har vore tilsyn frå Statsforvaltaren og UDI i 2025, pålegg vart retta i løpet av året.

Vest kontroll si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av dialog med revisor, er kontrollutvalet ikkje gjort kjent med forhold som tilseier at årsrekneskapen ikkje kan godkjennast, jf. kommunelova § 14-3.

Kontrollutvalet vil likevel peike på følgjande forhold:

- Årsberetninga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7, då det ikkje er gjort greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre høg etisk standard, og heller ikkje for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelt etter kjønn.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Kinn utdannings- og ressurscenter KF.

PS 25/26 Bordgleder KF - årsrapport og rekneskap 2025

Vedtak:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av dialog med revisor, er kontrollutvalet ikkje gjort kjent med forhold som tilseier at årsrekneskapen ikkje kan godkjennast, jf. kommunelova § 14-3.

Kontrollutvalet vil likevel peike på følgjande forhold:

- Budsjettet som ligg til grunn som «regulert budsjett» er ikkje vedteke av kommunestyret. Dette er ikkje i samsvar med kommunelova § 9-15, der det går fram at det er kommunestyret som skal vedta budsjettendringar.
- Årsberetninga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7, då det ikkje er gjort greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre høg etisk standard, og heller ikkje for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelt etter kjønn.
- Skattetrekkkonto per 31.12.2025 hadde ikkje tilstrekkelege midlar til å dekke påløpt skattetrekk. Dette var ikkje i samsvar med skattebetalingslova § 5-12 (oppheva frå 01.01.2026).

Kontrollutvalet ser alvorleg på desse forholda, særleg brot på regelverket knytt til skattetrekk og budsjettvedtak. Kontrollutvalet føreset at forholda vert retta opp og følgde opp av eigar og administrasjon.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Bordgleder KF.

Handsaming:

Bordgleder KF v/dagleg leiar Halvor Halvorsen orienterte om måloppnåing, økonomisk utvikling/status og vesentlege forhold som påverkar drifta.

Utvalet stilte spørsmål til dagleg leiar om merknadene frå revisjonsmeldinga - dagleg leiar svara på at det regulerte budsjettet var sendt til formannskapet. Utover det har ikkje dagleg leiar informasjon om den politiske handsaminga. Forhold knytt til likestilling er arbeida med i selskapet, men ikkje omtalt i årsmelding. Rekneskapssjef i Kinn kommune, Norvall Bakke,

svara på spørsmål om skattetrekkskonto. Frå og med 2026 går innbetalingane direkte til Skatteetaten, ikkje via skattetrekkskonto.

Vest kontroll si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av dialog med revisor, er kontrollutvalet ikkje gjort kjent med forhold som tilseier at årsrekneskapen ikkje kan godkjennast, jf. kommunelova § 14-3.

Kontrollutvalet vil likevel peike på følgjande forhold:

- Budsjettet som ligg til grunn som «regulert budsjett» er ikkje vedteke av kommunestyret. Dette er ikkje i samsvar med kommunelova § 9-15, der det går fram at det er kommunestyret som skal vedta budsjettendringar.
- Årsberetninga oppfyller ikkje krava i kommunelova § 14-7, då det ikkje er gjort greie for planlagde og iverksette tiltak for å sikre høg etisk standard, og heller ikkje for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og lønsforhold fordelt etter kjønn.
- Skattetrekkskonto per 31.12.2025 hadde ikkje tilstrekkelege midlar til å dekke påløpt skattetrekk. Dette var ikkje i samsvar med skattebetalingslova § 5-12 (oppheva frå 01.01.2026).

Kontrollutvalet ser alvorleg på desse forholda, særleg brot på regelverket knytt til skattetrekk og budsjettvedtak. Kontrollutvalet føreset at forholda vert retta opp og følgde opp av eigar og administrasjon.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsrapport 2025 for Bordgleder KF.

PS 26/26 Florø hamn KF - årsrapport og rekneskap 2025

Vedtak:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2025 for Florø hamn KF.

Handsaming:

Florø Hamn KF v/dagleg leiar Linda Mortensen orienterte om måloppnåing, økonomisk utvikling/status og vesentlege forhold som påverkar drifta. Det at kommunestyret på nytt skal ta stilling til reguleringssak av nærings- og hamneareal påverkar i stor grad selskapet. Kontrollutvalet stilte spørsmål, som dagleg leiar svara på.

Vest kontroll si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2025 for Florø hamn KF.

PS 27/26 Havhesten KF - årsrapport og rekneskap 2025

Vedtak:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2025 for Havhesten KF.

Handsaming:

Havhesten KF v/dagleg leiar Magny Kalvø Rogne orienterte om måloppnåing, økonomisk utvikling/status og vesentlege forhold som påverkar drifta. Det var gjennomført eit tilsyn i 2025, med berre mindre avvik.

Vest kontroll si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2025 for Havhesten KF.

PS 28/26 Kommunerekneskap med årsmelding 2025 - kontrollutvalet sin uttale

Vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2025 datert 20.04.2026.
2. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2025 for Kinn kommune.
3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

Handsaming:

Kommunedirektør Øyvind Bang Olsen og rekneskapssjef Norvall Bakke gav orientering til kontrollutvalet. Det vart gitt ei samla orientering om årsrekneskap og årsmelding, herunder

avvik, økonomisk utvikling og stilling, risikoområde, internkontroll og forhold av betydning for økonomi og måloppnåing.

Vest kontroll si tilråding:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktiviteter retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2025 datert 20.04.2026.
2. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2025 for Kinn kommune.
3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

PS 29/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	Svar frå kommunedirektøren: Rutinar ved bruk av kommunale bilar og kommunale kredittkort
04/26	Habilitetsspørsmål

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Handsaming:

OS 03/26 Svar frå kommunedirektøren: Rutinar ved bruk av kommunale bilar og kommunale kredittkort

Rekneskapssjef Norvall Bakke orienterte om rutinane for bruken av kommunale kredittkort. Det har vore ein gjennomgang av bruken og dokumentasjonen som avdekte avvik. Dette er no fulgt opp gjennom rutinar og oppfølging av desse. Kommunen er i ferd med å anskaffe elektroniske køyrebøker.

OS 04/26 Habilitetsspørsmål

Kommunedirektør Øyvind Bang Olsen orienterte om habilitetsspørsmål knytt til kommunalsjef sine styreverv. I barnehagelova er det eit organisatorisk skille mellom utøving av mynde og fag. Kommunalsjef for oppvekst har ikkje leiaransvar for barnehagemynde - den er lagt til strategi og samordning. Slik har kommunen gjort grep for å hindre habilitetsutfordringar.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 30/26 Oppfølging av sak - bruk av fond/kjøp av eiendom

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Kontrollutvalet ber kommunestyret om å vurdere det prinsipielle ved finansiering av strategiske grunnkjøp, og spørsmål om kapitalkostnader ved låneopptak skal belastast sjølvkostområdet.

Handsaming:

Utvalsleiar stilte spørsmål om belastning av eigedomskjøp på strategiske grunnkjøp.

Kommunedirektør, rekneskapssjef og teknisk sjef Frode Ellingsund var tilgjengeleg for spørsmål frå utvalet.

Kommuneadministrasjonen har gitt ein skriftleg redegjørelse ovanfor formannskapet, og argumentert for kjøpet knytt til VA-føremålet. Rekneskapssjef har bedt om at kjøpet vert merka tydeleg slik at framtidig inntekt skal tilbakeførast på det området som er belasta med kjøp.

Utvalet drøfta ei innstilling av saka til kommunestyret:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å vurdere det prinsipielle ved finansiering av strategiske grunnkjøp, og spørsmål om kapitalkostnader ved låneopptak skal belastast sjølvkostområdet.

Samrøystes vedteke.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet viser til kommunen sin gjennomføring av kjøp av eiendom ved Botnastranda.

-

PS 31/26 Forvaltningsrevisjon av internkontroll - godkjenning av prosjektplan

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon KO utarbeide forvaltningsprosjektet internkontroll, i samsvar med prosjektplan datert 10.04.2026.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektrapporten ligg føre slik at den kan handsamast i kontrollutvalet og kommunestyret våren 2027.

3. Kontrollutvalet har vurdert vedtak frå kommunestyret INTER 003/26 og vil sende det over til Vestland Revisjon KO for vurdering og oppfølging i forbindelse med risikovurdering i forenkla etterleving.

Handsaming:

Vestland Revisjon KO v/oppdragsansvarleg revisor Charles Litsheim orienterte om prosjektplanen slik den er lagt fram.

Kontrollutvalet drøfta korleis vedtak frå kommunestyret, INTER 003/26 skulle behandlast ovanfor den tinga forvaltningsrevisjonen.

Felles framlegg om tilføyning av punkt 3 i vedtaket:

3. Kontrollutvalet har vurdert vedtak frå kommunestyret INTER 003/26 og vil sende det over til Vestland Revisjon KO for vurdering og oppfølging i forbindelse med risikovurdering i forenkla etterleving.

Samrøystes vedteke.

Vest kontroll si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon KO utarbeide forvaltningsprosjektet internkontroll, i samsvar med prosjektplan datert 10.04.2026.
 - a. Kontrollutvalet ber om at det vert lagt til tilleggspunkt om kontroll av ...
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektrapporten ligg føre slik at den kan handsamast i kontrollutvalet og kommunestyret våren 2027.

PS 32/26 Orientering om oppfølging av forvaltningsrevisjon "Gjennomføring av investeringsprosjekt"

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Handsaming:

Kinn kommune v/prosjektsjef Oddgeir Nygård gav kontrollutvalet ei oppdatering av oppfølging etter forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Tidlegare fragmentert ivaretaking av dokumentasjon og meir heilskapleg internkontroll av prosjekta. Kinn kommune brukar Interaxo som verktøy for "prosjekthotell" der både prosjektavdeling og VA sine prosjekt er samla, og der involvering og dokumentering skjer. Prosjekta blir gjennomført etter gjennomføringsmodell for prosjekt. Det var gitt eit innblikk i korleis eit prosjekt er registrert i Interaxo. Også økonomirapportering er omfatta i verktøya i prosjektoppfølginga.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 36/26 Kontrollutvalet si oppfølging av møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste

Vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet i høve kommunestyrevedtak 028/26:

Kontrollutvalet viser til gjennomført undersøking og etterfølgjande informasjon som har kome fram om praksis knytt til utbetaling av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste. Desse rapportane er utarbeidd, og blir sendt over som vedlegg til denne uttalen:

- Revisjonsrapport – møtegodtgjersle/dekning av tapt arbeidsinntekt for folkevalde, Kryss Revisjon 08.12.2010
- Praktisering av Flora kommune sitt godtgjersleregulativ, Kryss Revisjon 13.11.2013
- Revisjonsrapport, berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste Vestland Revisjon 03.05.2023

Utvalet merkar seg at det er avdekt tilfelle der grunnlaget for krav om tapt arbeidsforteneste framstår som uklart, særleg når det gjeld dokumentasjon av faktisk økonomisk tap og samanheng mellom krav og utført verv.

Kontrollutvalet vil understreke at ordninga med tapt arbeidsforteneste føreset at det ligg føre eit reelt og dokumenterbart inntektstap som følgje av utføring av vervet, jf. kommunelova § 8-3. Ulik praksis og tolking kan svekke tilliten til ordninga.

På denne bakgrunn meiner kontrollutvalet at det er behov for:

- klargjering av arbeidsoppgåver som inngår i fast arbeidsgodtgjersle,
- tydelegare avgrensing av kva som kan reknast som tapt arbeidsforteneste,
- klarare krav til dokumentasjon,
- betre samanheng mellom tidspunkt for krav og faktisk utført arbeid i vervet,
- styrka rutinar for kontroll og likebehandling.

Kontrollutvalet ber kommunestyret ta dette med i det vidare arbeidet med revisjon av regulativet, slik at regelverket blir tydeleg, etterprøvbart og praktisert likt.

Uttalen vert sendt kommunestyret med kopi til gruppeleiarutvalet som arbeider med revidering av regulativet.

Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon KO om å vurdere det som eit område for forenkla etterleving når nytt regulativ er satt i verk og har fungert ei høveleg periode.

Handsaming:

Utvalet drøfta problematikken som er avdekt i tidlegare rapportar frå revisjonen og dialog med revisjonen i ettertid.

Utvalsleiar presenterte eit framlegg om uttale frå kontrollutvalet, basert på tidlegare revisjonsrapportar.

Uttale samrøystes vedteke.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 37/26 Saker til eventuell seinare handsaming

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/26	Uttale i kommunestyremøte 9. april

Vedtak:

Kontrollutvalet har merka seg uttale i kommunestyret om revisjonen sine rapportar.

Utvalet finn ikkje grunnlag for å stille spørsmål ved kvaliteten på revisjonen sine rapportar på bakgrunn av den aktuelle uttalen.

Kontrollutvalet vil likevel peike på viktigheita av:

- å ivareta revisjonen si uavhengigheit
- god rolleforståing i handsaming av revisjonsrapportar
- tillit til kommunen si eigarutøving

Eventuelle problemstillingar knytt til habilitet og møteleiing ligg til kommunestyret å handtere.

Handsaming:

Utvalsleiar presenterte bakgrunnen for saka, med uttalen som kom frå kommunestyremedlem i forbindelse med framlegging av møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 9. mars, i kommunestyremøte 9. april.

Utvalet drøfta saka og felles framlegg til uttale. Samrøystes vedteke.

Vest kontroll si tilråding:

PS 33/26 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har fylgjande merknadar til møteprotokollane som er gjennomgått:

- det manglar påføring av vedtak i sak 04/26, Kurs KF 17. april.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk igjennom noterte merknadar frå møteprotokollane som var gått igjennom.

- det manglar påføring av vedtak i sak 04/26, Kurs KF 17. april.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til møteprotokollane som er gjennomgått.

PS 34/26 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Handsaming:

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 35/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 27.04.2026.

Handsaming:

Møteprotokoll vart gått igjennom i møtet.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 27.04.2026.